

# HYRDINGEN

NR. I

Februar 2013

ÅRGANG 55

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



Portrettet:

*Endre Stople*

Side 8



*Nyoppretta  
prosti*

Side 4



*Lagånd*

Side 10



*Trusopplæring*

Sidene  
5, 7, 10, 13



Sandeid kyrkje

*Giro for bladpengar ligg inni bladet!*



#### **HYRDINGEN:**

Ansvarleg: Steinar Skartland

Epost: redaksjonen@hyrdingen.no  
Bladpengar/gåver til Hyrdingen  
på konto: 3201.53.18049  
Adr. Skjold kyrkje, Postboks 6,  
5574 Skjold

Layout/trykk: A1 Grafisk Idé, Ølen

#### **SOKNEPRESTANE:** **Soknepresten i Ølen**

Johannes Nedrelid, Eiotunet,  
Pb. 60, 5588 Ølen  
Tlf. 53 65 65 41 Fa 53 76 72 00  
Privat 53 76 86 22  
Epost: johannes.nedrelid@  
vindafjord.kommune.no  
Kontortid: Tys, tor, fre kl. 10-12  
ons kl. 12.30-14

#### **Soknepresten i Skjold**

Skjold kyrkje, Pb. 6, 5574 Skjold  
Tlf. 52 76 73 82 Fa 52 76 73 89  
Kontortid: Tys 9-15  
Jon Ådnøy (vikar)  
Mobil 932 45 645  
jon.adnøy@  
vindafjord.kommune.no

#### **Soknepresten i Vikedal**

Harald Eintveit, Kommunehuset,  
Pb. 40, 5583 Vikedal.  
Mobil 413 25 280  
Kontortid: Tor 9-15

#### **Fengelsprest:**

Arild Markusen tlf. 944 39 639  
Mandag er prestane sin fridag.

#### **Organistar:**

Juri Kotkovitch: 416 46 183  
Nelly Kotkovitch: 948 23 044

#### **Haugaland Prosti:**

P.b. 612, 5501 Haugesund  
Tlf 52 80 95 00  
Prost Norodd Stavenjord  
Mobil: 97 76 57 18

#### **Kyrkjeverja i Vindafjord**

Inghart Lasse Tveit, Skjold kyrkje  
Tlf. 52 76 73 85 / 977 64 146

#### **Soknerådsleiarar:**

Imsland: Jolaug Sæle Kaldheim  
Vikdal: Herdis Pedersen  
Sandeid: Rakel Årak  
Vats: Arild Urdal  
Ølen: Liv Ingunn Heie Medhaug  
Bjoa: Trond Ove Alvseike  
Vikebygd: Brit Nelly Tveit  
Skjold: Ottar Krakk

# *Presten har ordet*

ved prest Trygve Sandvik



# *No - Det evige presens*

Det vesle ordet ”no” gjev uttrykk for det evige presens. Det starta i opphavet, omsatt med ordet begynnelsen på bokmål. Vår bibel fortel når dette ”no” starta. Det var då Gud skapte himmel og jord og delte den opp i dagar, veker og år. Ja, i sekund, minutt, timer, sekel og århundre. Me kallar dette med fellesuttrykket tida. Ho kan ikkje stoppast eller skifta gear. Farten er evig den same. Rygging er det ingen sjans til.

Det nyttar ikkje å be om ein ny ungdom for dei gamle. Heller ikkje nyttar det for del unge om å veksa i ein fart for snart å verta vaksne.


Bibelen er suverent den beste til å læra oss om korleis nyttar tida på beste måte. Orda no og idag finn du over alt i Bibelen. Ja, den er den mest presentiske av alle bøker som er skrivne! Legg merke til at orda no og idag finn du over alt. Bibelen er så presentisk i sine ord, uttrykk og innhald at det som vart skrive for både to og tre tusen år sidan frapper dagens 100 prosents oppdaterte ungdom med sitt dirrande aktuelle innhald og uttrykksmåte!

Ikkje rart at Bibelen er heile verda si mest kjøpte, lesne og elskaa bok. Og at den også er omsett til fleire språk enn nokon annan. At den nemnda omsetjinga til norsk også vart bestseljar i landet vårt som held på å drukna i materialisme og avkristning vitnar sterkt om det same.

#### **Retting:**

Vi seier oss leie for at det var nokre feil namn på vinnarar i sist nr. Rette namn er:  
Teikning side 2: Hanna Landro. Side 3: Helene Olsen.

Høyr og les om kva Bibelen seier om seg sjølv i Hebr.4, 12 «Guds ord er levande og kraftig og kvassare enn noko tveiggja sverd.” Det er ordet som ikkje kan døy. Både er det notidsaktuelt og evig som Gud sjølv. Difor er me og må me vera slik som Paulus såg det og understreka med sterke og oppmuntrande ord til datidas moderne folk i verdensbyen Korint: ”Sjå, no er den rette tid, sjå no er frelsesdagen! Og lev slik at de ikkje vekkjer anstøyt!”



Bibelen, Guds ord, bed oss om å fylgja med tida, nyitta sjansane som byd seg og leva i noet, ikkje igår eller i morgen, men idag! Gårsdagen er forbi. Morgondagen kjenner ingen. Idag hjelper Herren. Hans

Nielsen Hauge er eit godt eksempel som levde i noet med hjarta i himmelen og med føtene på jorda. Ved sida av det viktigaste, nemleg å søkja Guds rike først slik som Meisteren sjølv sa og derpå straks hjelpe medmenneske til eit godt liv her på jorda.

Det er grunn til å seia noko liknande om mykje av folket i det såkalla Bibelbeltet som strekkjer seg frå Møre til Agder. Det er her me finn Etne og Vindafjord. Kvifor står det relativt så bra til her kor me bur? Eg trur det kjem av at ein stor prosent av folket her har arva mykje av det Hauge tala, skreiv og gjorde. Kjære vene som les dette: lev med Gud i det evige noet!



Av Steinar Skartland

Sjølv om kalenderen seier februar vil eg likevel ynskje: "Godt Nytt År!" For ved dette årsskifte er mange ting nye i kyrkjene våre. Frå 1. januar vart eit nytt prosti oppretta. Vindafjord sine åtte kyrkjer utgjer halvparten av kyrkjebygga i Haugaland prosti, men likevel ein mindre del av folket. Vi kjenner dei alt frå mange samanhengar, men nye relasjonar skal etablerast og samarbeid byggjast mellom sokneråda i Vindafjord, Tysvær, Bokn, Utsira og Haugesund.

Salmebøkene skal fornyast og trusopplæringa har fokus i bygdene.

Å tenkja nytt er alltid spanande. Det gjer høve til å leita etter noko som er meir tidsretta. Som passar inn i eit samfunn og ein kvardag vi nå lever i. Sokneråda har jobba med nye liturgiar. Det er ikkje lengre likt i gudstestene. Skal vi stå eller sitja? Kva gjer sidemannen? Det gamle velkjende ordet klokkar skal heita 'medliturg'.

Når noko er nytt, litt ukjent og litt uvant så blir folk lett usikre. "Alt var så mykje betre før!" Prest og organist skal forhalda seg til ulike liturgiar og skikkar når dei vekslar mellom kyrkjene. Men det viktige er: Korleis blir vårt møte med Gud og hans ord i gudstenestene?

Ein er ikkje ferdig. Det er nå den største og mest utfordrande arbeidsoppgåva for sokneråda tek til. Dei skal kommunisera dette til folket i bygdene. Byggja tryggleik og inkluderande fellesskap for nye og gamle kyrkjegjengarar i 2013. Men om vi endrar oss, så endrar ikkje Gud seg. Hans lovnader står ved lag og slik Peter skreiv i sitt brev: "Graset visnar, og blomen fell av, men Herrens ord varer til evig tid."

# «Vandring i fasten»

Av Ingerid Aadland

Også i år vil Utval for pilegrims- og retreatarbeid i Ryfylke prosti invitere til «Vandring i fasten» i Ølen kyrkje. Me inviterer deg til ein stille time med roleg vandring i kyrkjerommet. I år kallar me det Bibel- og bønevandring, og me oppfordrar deg til å ta med deg din eigen Bibel til kyrkja denne kvelden.

Tema i år er «Levande vatn».

**Ver velkommen i Ølen kyrkje  
torsdag 21. februar kl.20.00**

*I ørkentimen  
da ingen kunne vise  
til kilden  
med levende vann*

*sust sangen til meg  
båret gjennom sandstormer  
fra fjerne sommerstemmer*

*at om jeg bare  
ville knele  
skulle jeg få drikke  
og aldri tørste mer.  
(Liv Nordhaug)*

## Fastetid

I eldre tid var faste ein viktig del av det religiøse folkelivet. Hos oss har me mest berre namna på nokre spesielle dagar att.

Fastetida tek til 50 dagar før påske, og fastelaven tyder eigentleg kvelden før fasta. Dagen etter vert kalla «blåmåndag». Den dagen skulle overgang til faste markerast med fiolett duk på altaret i kyrkja. Fiolett tøy var svært kostbart, og difor vart det ofte nyttा blå duk – derav namnet blåmåndag. (I ettertid har ein knyta namnet til «dagen derpå», for ofte vart fastelaven ein dag med mykje eting og drikking).

Så kjem feitetysdag. Den dagen

var siste sjanse til å nyta kjøt og flesk før påske. Nå var «kvit mat», fisk og mjølkemat, det einaste ein hadde lov å eta. (Karneval tyder «farvel til kjøtet»)

Oskeonsdag gjekk ein til kyrkje, og presten teikna ein kross med oske i panna på kvar. Nå skulle folket samla tankane om Jesu liding og død.

Søndag 10. febr. er det fastelavens-søndag i år. Når me går inn i fastetida, er tekstane i kyrjeåret knytte til Jesus vandring mot Jerusalem, der han skulle li og døy for våre synder. --- Lat oss nyta denne tida til undring, ettertanke og takk til vår Frelsar!

## Bladpengar!

Likar du kyrkjebladet? Då vonar vi du vil støtta opp om bladet med å betala bladpengar for 2013. Bruk vedlagde giro. Beløpet er sett til kr 250,-, men vil du betala eit anna beløp, så kan du velja det sjølv.

Takk til alle dykk som betalte inn bladpengar i 2012. Dette har gjort at vi har kunna gje ut 6 nummer i året

til alle husstandar i kommunen og i tillegg er bladet sendt til over hundre utflytta Vindafjordingar. Inntekta frå bladpengar og nokre annonsar har gjort at vi har dekka kostnadane. Bettalar du rett i nettbank så nyttar du kontonummeret 3201.53.18049 både for bladpengar, gåver og anna støtte.

*Tusen takk!*

# Vindafjord inn i nyopprettet prosti

**Frå 1. januar 2013 er både Nordre Ryfylke prosti og Haugesund Prosti historie. Eit nytt prosti, kalla: Haugaland Prosti, er oppretta. Her er fylgjande fellesråd: Bokn, Haugesund, Tysvær, Utsira og Vindafjord. Prost Norodd Stavenjord sin kontorstad er i Haugesund.**

**Av Steinar Skartland**

Hausten 2011 sendte bispedømmeråd og biskop eit forslag til Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet om ei endring av prostiinndelinga i bispedømmet. Forslaget hadde støtte frå alle kyrkjelydane i områda det gjaldt. 15. desember 2011 vedtok departementet at Sauda, Suldal, Hjelmeland, Strand og Forsand skulle gå saman og bli Ryfylke prosti, medan Vindafjord skulle slutta seg til Haugesund prosti, som går over til å heitte Haugaland prosti. Bispedømmerådet gjorde vedtak om at dette skulle tre i kraft frå 1. januar 2013 og Hyrdingen har intervjuat prost Norodd Stavenjord om endringane.

## Kven er vår nye prost?

Eg er fødd i Ulnes i Valdres i 1951, og etter artium på Valdres gymnas drog eg til Misjonsskulen i Stavanger i 1971 med kall til å verta misjonær. Eg vart kjend med sjukepleiar Ingebjørg Daniel, som var vaksen opp i Kamerun, og me gifta oss i 1975. Etter språkstudium i fransk for me til Kamerun i 1980. Der var me misjonærar til 1990 (utanom eit heimeoppfald i 1983-84). Etter det var eg krinssekretær for Misjonsselskapet i Oppland, og me budde på Gjøvik fram til eg vart prest i Kopervik og Åkra i 1993. Det vart 13 år som prest på Karmøy med bustad i Vedavågen før eg i 2006 vart prost i Haugesund prosti. Me har tre vaksne born, 2 søner og ei dotter. Alle er gifte, og me har 5 borneborn. Tre av desse bur i California, der dotter vår bur med familien sin. Dei andre bur i Førre og i Veavågen.

Misjonsinteressa kom tidleg hjå meg, sidan eg vaks opp i ein heim der foreningsarbeid stod sterkt, og eg var van med leifarbeid og skulelagsverksemnd. Eg meinat misjon og trusopplæring må stå sentralt i alle kyrkjelydar og kristne organisasjonar. Slik kan Guds rike veksa og ordet om frelsa i Jesus Kristus nå fram

til nye menneske og generasjonar. Tida i Kamerun merkte oss sterkt, og samstundes veit me at misjonærar frå dei unge kyrkjene i dag ber det levande ordet vidare i andre land. Det syner at arbeidet ikkje er fanychtes. Det er spirekraft i såkornet.



*Prost Norodd Stavenjord*

## Har prosten planar om å delta i gudstenester eller andre samanhengar i Vindafjord i nær framtid?

Ja, eg ynskjer å koma rundt til alle kyrkjelydane i løpet av våren og hausten. Så eg har byrja blinka meg ut nokre sundagar der eg vil koma og preika når den lokale presten har fri. Elles kan det vera andre høve der det fell naturleg å vera med på noko. Eg har alt møtt på eit stabsmøte, og det vil eg gjera frå tid til annan framover og.

## Kvifor var det naturleg å endre prostiinndelinga og opprette Haugaland Prosti?

Dette heng saman med at Stavanger bispedøme skulle regulera prostigrensene og redusera talet på prosti frå 10 til 9. Søre og Nordre Ryfylke vart då slege saman til det nye Ryfylke prosti frå 1. januar i år. Men etter ei høyringsrunde skulle Vindafjord leggjast til Haugesund prosti, og frå 1. januar skifta prostiet namn til Haugaland prosti.

## Eit stort prosti med 16 kyrkjer

*Vindafjord har heile 8 kyrkjer, like mange som dei andre fire kommunane i prostiet har til saman. Vi spurde om prosten ser spesielle utfordringar med dette og den utvidinga som prostiet har fått til 16 sokneråd?*

- Vi skal klare å gje eit godt tenestetilbod sjølv om prostiet er vorte større, svarer Stavenjord.

- Det som var ei føremón tidlegare var at ein hadde ein fast prostiprest til å dekkja opp for frihelgane til sokneprestane og ta sin del av tenesteveker i Vindafjord. No må me finna fleire einskildprestar som kan vikariera. Men på litt sikt vonar eg at me kan tilsetja ein prostiprest som kan gjera ei slik teneste, og ta tenester andre stader i prostiet og. Sjølv om me ikkje har prostiprestar i fast stilling som kan brukast overalt, så har me har liste med namn på prestar som me ringjer til når me treng vikarar.



*Både prosti og liturgiar i endring. Her G-17 band i Skjold kyrkje.*



*Illustrasjonsfoto: Gro Marit M. Larsen m/kor på kyrkjekonsert i Skjold i 2011.*

*Når me spør om folk i Vindafjord kan forventa endringar i gudstenester og kyrjeleg aktivitet som fylgje av at dei nå er komme over i Haugaland prosti, svarar prosten:*

-Ikkje det eg kan sjå på kort sikt. Gudstenesteforordninga vart fastslegen for få år sidan. Men den kan òg skal sjølvsgåt evaluerast, så med tida kan det koma nokre mindre justeringar der.

*Er det særlege utfordringar knytt til organisering av presteteneste og vikarteneste i dette nye prostiet:*

-For snart tre år sidan vart talet på prestar i prostiet skore ned med ei heil stilling. Det merkar me på at programmet er tettare for prestane i Haugesund by, og det må nyttast meir vikarmidlar for å dekkja gudstenestene når ein prest i Tysvær eller Vindafjord skal ha frihelg.

#### **Felles sokneprest for Vikebygd, Skjold og Vats**

*Vindafjord står overfor ei endring der den utlyste sokneprest stillinga som tidlegare var for Skjold og Vats, nå også skal omfatte Vikebygd. Vi spurde prosten kva vil dette medføre av utfordringar og muligheter for kyrkjelydane og sokneråda her, og til det svarer Stavenjord:*

-Vikebygd ligg ikkje langt unna Skjold, og det vil vera naturleg at dette er ei eiing som samarbeider om t.d. konfirman-

tarbeid og trusopplæring. Samstundes er det slik at soknepresten kan ikkje åleine dekkja alle gudstenestene, så me må bruka vikar i en del samanhengar for å halde på det same gudstenestetilbodet.

Prosten meiner at dette på kort sikt ikkje vil medføra endringar i gudstenestetalet og fordelinga av desse mellom sokna, men at dei må vurdera bruken av ressursar etter kvart.

#### **Trusopplæringa**

*Sokneråda i Vindafjord har fleire gonger søkt om midlar frå den statlege finansieringa av trusopplæringsstiltak i Den Norske Kyrkja, og fått avslag, både som prøveordningar og som fast. Korleis er det elles på Haugalandet?*

-Heile det dåverande Haugesund prosti fekk trusopplæringsmidlar i 2008, seier Stavenjord og held fram: -Me var optimistiske framføre tildelinga for 2013 frå sentralt hald, men midlane gjekk denne gongen til Domprostiet og Jæren prosti. Mi von er at det skal kome midlar neste år, og då vil dette måtte koma saman med at Karmøy får tildeling. Dei har heller ikkje fått noko enno. Men noko sikkert veit me diverre ikkje om dette.

#### **Samarbeid mellom kyrkjelydane i Haugaland Prosti**

*Til slutt lurer vi på om prosten vil gjennomføra særskilde tiltak eller møter med*

*og for kyrkjelydane i det nye prostiet, for å legge tilrette for samarbeidet mellom kyrkjelydane?*

-Det vil eg svært gjerne når eg har hatt ei tid til å verta kjend med kyrkjelydane, svarer Stavenjord. - Eg kjenner trong nå det første året til å reisa rundt for å møte kyrkjelydane gjennom gudstenester og eventuelt årsmøte, om det passar med tida.

-Eg ynskjer at kyrkjelydane i Haugaland prosti skal kjenne at dei høyrer saman. Og me veit at Den Norske Kyrkja er inne i ei tid med ulike reformar. Det vil sei at me også må vera budde på endringar i organiseringa av kyrkja. Frå sentralt hald er det lagt ei føring i denne samanhangen som går ut på at dei to arbeidsgjeverlinene skal samordnast. Det vil sei at om nokre år vil alle tilsette ha same arbeidsgjever. Då vert det spanande å sjå om det vil vera bispedømerådet eller om det vert ei eining på prostinivå som skal ta vare på arbeidsgjeveransvaret vidare. Men uansett organisasjonsform vil det vera avgjerande at arbeidet i den einskilde kyrkjelyd vert ivaretake på best mogeleg vis. Det ynskjer eg å arbeida med i lag med tilsette og tillitsvalde i tida framover i vårt nye prosti. Slik vil eg ynskje alle velkomne til konstruktivt samarbeid, der me saman kan finna gode måtar å arbeida for Guds rike på, avslutar Stavenjord.

# «Min song»

## Vi rekker våre hender frem

Heilt sidan eg lærte denne songen ein gong på 1980-talet, har han hatt ein spesiell plass i mitt hjarte. Og etter at eg først på 2000-talet laut gjennom ein «utbrennings»- eller utmattings-periode, vart songen til dagleg oppmuntring og trøyst.

Eg kjende meg ribba for kroppsleg og mental styrke, men opplevde så over tid korleis Gud kunne fylla mine tomme hender eller «tomme skåler» med sine milde og gode gaver. Dess meir eg song denne songen – eller ba denne bôna - dess tryggare vart eg på at «mine henders nakne tre» igjen skulle « få blomst og blader». Og litt etter litt fekk eg oppleva Guds nådes skaperverk i sjel og kropp.

Som alle Svein Ellingsens salmar har også denne karakter av «gudshenvendelse». I eit sterkt poetisk språk med enkle ord og vakre bilete skildrar han menneskets sanne stilling overfor Gud: I vissa om at Gud alltid er større, får me koma fram for Han med all vår veikskap og vår fattigdom. Og så får me ropa eller syngja:

«O Gud, all godhets giver: Kom, ta bolig i vår fattigdom!»

Tome hender kan slik forvandlast til skåler fylt av Guds godleik – og eit tomt hjarta kan verta eit mektig resonnansrom for ein evig himmelsong!



Ole Agnar Aadland

**Namn:** Ole Agnar Aadland  
Fødd 1950 i Nordheimsund  
Gift med Ingerid Aadland  
4 barn, 8 barnebarn  
**Stilling:** Lektor med tysk,  
fransk og religion ved Ølen  
vidaregåande skule. Pensjonist frå 2012.

Aktiv på Kyrkjjetunet i Ølen.

Budd i Ølen frå 1977.

**Vi rekker våre hender frem  
som tomme skåler.  
Kom til oss, Gud, og gi oss liv  
fra kilder utenfor oss selv.**

**Alt godt, til vårt og andres vel,  
er dine gaver.  
I svakhet fremmer du ditt verk,  
vår bare kvist skal skyte knopp!**

**Vi løfter våre hender opp  
i bønn for verden.  
La dem som lider, finne vern  
mot kalde hjerters is og sne!**

**La våre henders nakne tre  
få blomst og blader.  
La våre liv få bære frukt  
til legedom for andres sår!**

**Vi venter, etter smertens vår,  
din nådes sommer.  
Og sorg og glede blir til vekst  
med frukt vi ikke selv kan se.**

**Din nådes skaperverk skal skje  
i tomme hender.  
O Gud, all godhets giver: Kom,  
ta bolig i vår fattigdom!**

(Svein Ellingsen)

### Bonne- og lovsongskveldar i Skjold kyrkje

Laurdagane 23. februar og 20. april kl 20

Fleire gonger i året held Skjold kyrkje-lyd bønne- og lovsongskveldar som består av mykje song, bønnenvandring, tid til ettertanke og ei avslutning med ein god drøs og noko å bita i.

Utgangspunktet for kveldane var eit ynskje om å bera fram det eksisterande arbeidet i bønn, få tid til å lovsyngja Gud og kjenna på det gode fellesskapet med Gud og kvarandre. Her kan folk få personleg forbønn under bønnenvandringa, eit tilbod mange nyttar seg av. Kveldane er uformelle, og ordet er fritt for dei som

vil dela noko. Datoane for bønne- og lovsongskveldane våren 2013 er 23.2 og 20.4. kl. 20.00. Folk i alle aldersgrupper er hjarteleg velkommen!

### Misjonsfest på Vikedal Bedehus

Torsdag 14. februar, kl 19.30, inviterer Misjonsgruppa for NMS til misjonsfest. Jordbruks-misionær Jakob Vea talar. Han vil også fortelja frå arbeidet som Jordbruks-misionær i eit u-land. Høve til å koma med spørsmål. Matpause m/gryterett frå Afrika og kaffi mm. Gassisk song. Alle er hjarteleg velkommen.

**Årsmøte i kyrkjelyden**  
Skjold Kyrkje Søndag 24.2 kl 15.00  
Velkommen



### Kvinnehelg på Stemnestaden

**16.-17. mars**

**Tema:** "I Jesu fotspor i egne sko"

**Talar:** Siri Iversen

**Sang/musikk:** Liv Olen Skorpe  
Sjøen og Berit Folkedal m.fl. God  
mat, allsidig program og god tid til  
sosialt fellesskap. **Pris:** kr.1100 + kr  
150 for oppredd seng. **Påmelding:**  
e-post: stemnestaden@normisjon.no  
tlf.: 97 58 99 56 el. 98 21 61 81

# Lys Vaken!



Bilde 1



Bilde 2



Bilde 3



Bilde 4

Soknerådet inviterte alle 10- og 11-åringane til eit Lys Vaken arrangement i kyrkja om kvelden laurdag 1. desember. Me ynskjer at borna skal bli kjende med kyrkja, både sjølvé bygningen og det kyrkja står for.

Me samlast i bedehuset kl 18.00. Der laga Helene, Liva, Nina, Emil, Wilhelm, Sofia, Oskar og Merete Taco (bilde 4). Det gjekk heilt fint, men Emil skar seg i ein fing: "Fram med plaster!"

Då soknepresten Harald Eintveit kom, gjekk me bort i kyrkja. Her fekk borna kapper og lys og gjekk i prosesjon inn i kyrkja, der det var øving av programmet til Lysmessa søndagen etter kl 17.00 (bilde 1 og 3).

Etterpå var det leikar i kyrkja. Først "gøy, og leit". Det var presten som var vanskelegast å finna. Dei leita sikkert i minst 10 minutt før dei fann han (bilde 2).

Borna hadde også lykter med og skulle prøva å finna refleksar som var

gøyde over heile kyrkja. Men me savna framleis ein raud refleks. Kanskje du finn han ein dag!

Tilbake på bedehuset var det fleire aktivitetar og leikar. I 23-tida kom kyrjetenor Olav Eikeland, og vi gjekk tilbake til kyrkja. Han fortalte om ulike måtar å ringja med klokken e på, til begravelse og fest. Til slutt fekk borna ringa inn det nye kyrjeåret.

Åse Vigdis og Jolaug

# Portrettet: Endre Stople - Skjold

Av Trygve Sandvik, Øvre Vats

Det er mange i Vindafjordbygdene som gjer og har gjort eit framifrå arbeid innan kyrkje og bedehus på friviljug basis. Ein av desse er Endre Stople, Skjold. Eg har teke turen til Endre i førjulstida for å få eit intervju med han. Endre og kona hans, Marta, bur i Austreimsbygda.

Eg går rett på sak og kjem med følgjande konstatering og oppmoding: Du har vore med i kristent arbeid i svært lang tid. Kan du fortelja litt om dette?

## Kom tidleg med i kristent arbeid

Endre: Ja, det starta vel med at eg vart medhjelpar på søndagsskulen på Eide på Sandeid frå konfirmasjonsalderen av, og seinare var eg med i yngresarbeidet på bedehuset på Sandeid. På realskulen i Ølen kom eg med i det kristne skulelaget, og eg var ein del engasjert i dette. Seinare har det vore ein del av livet mitt å vera med og ta eit tak der det måtte trengjast.

Og lista over engasjement er lang. Han vart fødd i 1949, og vaks opp på Stople i Sandeid saman med 6 søsken. Etter avslutta gymnas på Stord i 1970, var det militærteneste i Nord Noreg og eit halvt år i arbeidslivet. Deretter tok han seg eit halvårig kurs på bibelskulen i Oslo, før han sette kurset attende til Sandeid som framhaldsskulelærar for eit år.

## Bibelskule og kjærleik

Under intervjuet kjem det fram at bibelskuleutdanninga i Oslo også hadde eit anna motiv. Ei jente frå Skjold som han hadde vore ein del saman med, gjekk på sjukepleiar-skulen i Oslo, og her hadde han ein god grunn for å vera meir saman med henne. Og med jenta følgde det gard. Det vart giftarmål med Marta Bjørkheim i 1973, og dei overtok heimegarden hennar i Austrheimsbygda.

Endre var ikkje før komen til Skjold før han hamna på soknerådslista, og så vart det to periodar etter kvarandre i soknerådet. I tillegg til soknerådet var han med i søndagsskulearbeidet i Austreimsbygda og i bedehusstyret. I søndagsskulen har han vore med i ca. 25 år, og i bedehusstyret er han framleis aktivt med.

Endre var også med i byggenemnda for den nye kyrkja i Skjold og i dognadsnemnda. Han hugsar særleg det siste halvåret før kyrkja skulle innviast. Det var ei travel tid. Han låg etter med onnearbeidet,

og det såg smått ut at han skulle koma til endars med vårvinna det året. Kyrkja kravde meir enn sitt, men det gjekk den gongen og sjølv om vårvinna vart nedprioritert.

## Skogeigarlag og bondelag

Elles må det nemnast at Endre har engasjert seg utanom kyrkja og bedehuset. I både skogeigarlaget og bondelaget har han lagt ned mykje arbeid lokalt både som formann og styremedlem. I den store stormen som rasa på Møre kysten tidleg på 1990-talet, sende bondelaget i Skjold friviljuge bønder for å hjelpe bøndene der oppo med å halda drifta i gong etter all



Endre Stople

øydelegginga av stormen. Her var også Endre ein av dei som deltok frå Skjold.

Etter kvart som Endre fortel om det som han har vore borti, vert det eit spørsmål som står sentralt: Kvifor har du engasjert deg så mykje i friviljug arbeid, særleg på det åndelege området?

## Kva driv deg?

Endre: Kristentrua har betydd mykje for meg heile tida. Eg har lyst å vera med og oppretthalda den kristne kulturarven. Me har fått ein kristen arv å forvalta, og me må ta fatt i stafettipinnen og bringa han vidare.

Kva gjer deg glad i dette arbeidet?

Det har glede meg mykje å sjå at også våre etterkomrarar er med i det viktige arbeidet med å bringa den kristne bodskapen ut til born og unge.

## Ser optimistisk på framtida

Det går mot slutten av intervjuet. Endre har det travelt, han skal passa barnebarn i Vats. Men før me sluttar av får han spørsmål om korleis han ser på den åndelege stoda i bygda og for så vidt i kommunen. Han er optimistisk på dette området. I Skjold og Vats er det fleire unge kristne familiarier no enn då han var ung, mange av dei er ivrig med i det kristne barne- og ungdomsarbeidet som vert drive i kyrkjer og bedehus og på Feedbackhuset i Ølen. Han ser positivt på den ordninga ein har fått i stand i Skjold med fast møtedag samla for alle bedehusa og rullering i dei ulike krinsane. Men det er ei utfordring å nå ut til folk med den glade bodskapen om at Jesus kom til jorda for å gjera det for oss som me aldri kan klara sjølve, å bli kvitt synda vår som stengjer vegen til Gud.

## Tankbilsjåfør

I dag er Endre tankbilsjåfør der han kører ut mjøl til bøndene. Garden overlet han til den eldste sonen i år 2000. Han var noko i stuss kva han skulle finna på då han hadde gitt frå seg garden, han trong ein tenkjepause. Resultatet vart at både han og kona stilte seg til disposisjon for Israelsmisjonen, og det vart ein arbeidsperiode på ca. 4 mndr. på ein aldersheim på Haifa i Israel. Dette var ei gild tid som også gav eit godt innblikk i tilhøva i Israel.

For dei mange som har ferdast i kyrkje og bedehus, er det vel kjent at Endre har ei god songrøyst. Han har aldri vore vanskeleg å be om å syngja i forsamlingsar, og han har gledd mange med songane sine. Den svenske songen nr. 243 i songboka, "Det enda som bär, när allting annat vacklar, Det är Guds nåd och Guds barmhärtighet", er ein av dei finaste han veit om, og denne har han songe ved fleire høve.

Intervjuet er slutt. Marta minner han om avtalen med barnepasset. Det kan ikkje slösast med tida, familien må også få sitt. Dei mange gjeremåla i lag og foreningar har så visst ikkje dabba av med tida. Ny periode i soknerådet, styremedlem i landsstyret for Den indre sjømannsmisjonen, engasjement på bedehuset m.m., alt skal det finnast tid til. Dette er kvar-dagen for Endre, travelt oppteken, alltid til disposisjon. Han gir uttrykk for eit rikt liv, han trives, han finn seg godt til rette i bygdemiljøet. Han har teke vare på den gode arven, og denne fører han vidare.



## *Basar og årsmøte på Vågen bedehus*

I veke 3 no i januar var det ekstra aktivitet i bedehuset. Først var det den årvisse bedehusbasaren på onsdagen og så vart årsmøtet arrangert sundagen. Bygdefolket støtta godt opp.

### **Basar**

Basaren hadde samla 50-60 deltagarar då store og små gevinstar vart loddar ut. På førehand var det seld lodd på butikken, og på basarkvelden var det åresal. Bygdefolk gjev gevinstane og deretter kjøper dei lodd. På basaren hadde tidlegare sokneprest Bjarne Hjelvik andakt. Leiar i bedehusstyret, Oskar Feed, kan fortelje at det kom inn kr. 27.304 kroner på basaren. Han takkar alle som kom med gåver og kjøpte lodd!

### **Årsmøte**

Om lag 40 bygdefolk tok del i årsmøtet. Her var det lagt opp til ein møtedel før matøkt og så årsmøte. Torleif Åreskjold heldt andakt og innleia med setninga frå Salme 103: «..gløyム ikkje alle hans velgjerningar!».

Forutan handsaming av årsmelding og rekneskap var det særleg spørsmålet om tomt til nytt bedehus som var i fokus. Leon Dyngeland har leia ein komité som har arbeidd med å finne eigna tomt. Han gjorde



*Torleif Åreskjold*



*Oskar Feed takkar for gevinstar*

greie for ei aktuell tomt nær skulen, men gjorde merksam på at det kan gå fleire år før denne tomta er klar då regulering og vegutlysing kan ta tid. Det er og ei aktuell tomt lenger oppe i byggefeltet, men ein er noko usikker på om det er rette plassering. Årsmøte gav applaus til dei som arrangerte julemesse til inntekt for nytt bedehus før jul. Det gav om lag 87.000 kroner i netto inntekt. Bedehuset har noe eit fond til nybygg på 374.000 kroner. Etter samtalene om tomt og nytt bedehus vart det

gjort følgjande samrådstes vedtak: «Årsmøtet oppfordrar styret til å legge fram ein plan for bygging av nytt bedehus, og vurdering av tomter, til neste årsmøte.»

På årsmøtet vart Oskar Feed og Eivind Hettland attvalde til styret. Ragnhild Thorsen vart nytt styremedlem. Til no har årsmøtet valt leiar, men etter vedtak i årsmøtet skal styret frå no av konstituere seg sjølv.

*Arne Borgemyr*

# *Vil du gå fort må du gå åleine, vil du gå langt må du gå saman med mange!*

Av Kari Vik Stuhaug

Det var Britt som lærte meg dette afrikanske ordtaket. Det var ved ein av dei mange stoppestadene langs vegen me går saman. Og det saka galdt var arbeidet for trusopplæring i Vindafjord, og det å få ein kyrkjelydspedagog. Det er snart to og eit halvt år sidan felles utval for trusopplæring vart etablert. Me har kome langt på desse åra. Men det har sanneleg også tatt si tid å koma dit me er. Om me skulle teikne ein strek gjennom fotefara om me ser oss attende, ville me nok sjå at dei virrar både fram og tilbake, stundom i store løkker sidesvis, og både opp og ned. Om me kunne befolke stoppestadene og avstikkarane, vil me kunne sjå at det har handla om å samle mange med i flokken som vil gå framover med denne saka. Sokneråd, private gjevarar, organisasjonar, næringsliv og politikarar er med. Me har sikra økonomi for 70 % stilling til arbeid med barn og unge. Me er ikkje i mål, men me er i stadig leit etter løysingar.

## Ting tar tid

Det er krevjande å få ting til i fellesskap i kyrkja i Vindafjord. Dei 8 sokneråda har 52 faste medlemmar, forutan varamedlemmar som også ofte møter. Sokneråda blir bytte ut kvart fjerde år. Mange syns det er ein alt for lang funksjonsperiode. Ved førre val skjedde det etter to år. Likevel opplevde nokre sokneråd total

utskifting. Fellesrådet blir skifta ut etter same mønster. I tillegg har me mange tilsette – i større og mindre stillingar; prestar, organistar, kyrkjetenarar, undervisningspersonell, gravar, kyrkjeverje. Kyrkjelydane lever sitt liv i kvar sine bygder, - med større og mindre kraft. Som tilhøyrande i Sandeid har eg mange gonger dei åra eg har budd her sukka; tenk om folk her kunne fått oppleve meir av kyrkja på sitt beste! Eg veit jo at det er mogeleg, eg veit at det finst kreative og frødige gudstenester rundt i kring som engasjerer og gir noko til både barn og vaksne, både til dei som er klare på at dei elskar Jesus, og dei som meir beskjedent finn sin plass i kyrkjebenken. Det glimtar til i Sandeid også innimellom, visst gjer det det, og det skal ikkje så mykje til for å gle dei frammøtte.

## «Vil du gå langt....»

Det er i møte med denne røyndommen eg tenkjer; vil me nå langt må me gå mange saman! Om me går fleire saman kan me få til meir! Om me samarbeider på tvers av bygdene kan me skape nye ting. Me kan lære av kvarandre, overføre gode erfaringar, hjelpe dei som har mindre ressursar.

Men det er så mange snublesteinar under vegs. Det er vanskeleg å kommunisere når me er så mange. Det er grenser for kor mange møte folk orkar å gå på. Sokneråda har ofte nok med sine eigne mānadleie møte. Pluss fellessam-



lingane som bispekontoret inviterer til. Pluss kanskje møte i nokre underutval; for gudsteneste, diakoni eller trusopplæring. Og fellesrådet. E-post er eit godt hjelpemiddel. Men får alle med seg det som er viktig i straumen av mailar og annan post? Forstår dei kva me eigentleg meiner? Korleis tolkar dei bodskapen – eller mangel på bodskap, mangel på svar? Kyrkjeverja har litt av ein jobb. Han skal vere ein krumtapp i sentrum for det heile. Alle dei 52 soknerådsmedlemmane, fellesrådsmedlemmane, alle dei tilsette – og blant dei prestane som har ein annan arbeidsgjevar, men som har tette band og stor innverknad på alt det andre.

## Snakk saman om utfordringane

Eg ser at eg av og til med undring må korrigere mine oppfatningar. Når avstanden og tausheten ligg mellom oss er det så lett å gjere seg tankar, om at andre



Kateket Britt  
Karstensen viktig  
i trusopplæringa.

ikkje kan eller ikkje vil eller ikkje forstår.  
"Det er godt når me kan snakka om det" høyrdie nyleg. Det handla om dei tankane me gjorde oss kvar på vår stad. Når me snakka om det opplevde me å kunne rydde misforståingar av vegen, me kunne møtast og finne vegen vidare saman.

Jaha! Det er noko av det eg har fått stadt - og styrer etter i det som er min del av denne prosessen. 1) Snakk om det! Når det ser ut som stega går tilbake i staden for framover - når me snakkar om det og får rydda opp finn me oftast vegen vidare saman. Det kan handla om misforståingar og ting som ikkje er avklart. 2) Det andre er å leite etter løysingar. Ofte er det freistande å grave i kvifor ting gjekk gale, kva var det som skar seg? Kven gjorde feil her? Kva mangla? Det kan saktens vere nødvendig å stoppe opp, ta eit steg til side, eller attende. Men det viktigaste spørsmålet mitt er: Kva kan me gjere for å kome vidare? Det som har skjedd har skjedd. Historia kan ikkje gjerast om. Løysinga ligg i korleis me vel å setje foten framføre oss i den vidare prosessen. 3) Det tredje er å godta det og dei me har og er. Me kan saktens drøyme - om meir midlar, fleire stillingar, flinkare folk, meir kompetanse, større engasjement. Men som kjent er det betre med ein fugl i handa enn ti på taket. Så får me ta vare på den fuglen me har i handa då! Korleis kan me gjere kvarandre gode? Korleis kan me hjelpe den som ikkje er god nok, slik at han eller ho får utvikle seg og vekse med oppgåvane? Me veit at det sjeldan hjelper med pisk. Betre då å stelle og vatne, oppmunstre og verdsetje.

## L A G Å N D

### Kommunikasjon

kjem av communi-care som tyder  
å gjera til felles det som før var  
mitt åleine og vi står  
med den tyngande kjettingen  
i våre eigne hender eller vi kan  
dela den senda enden vidare  
til den som står jamsides  
og vekta av kjettingen lettar  
og med eitt kjenner me at me er  
på lag og me løftar i flokk,  
og det som kjendest umogeleg og stundom  
urimeleg også, det er ikkje så  
vanskeleg lenger fordi me har delt det,  
og om litt ser me at kjettingen er  
sterk og den når langt og me  
- me har klart det  
umogelege!



Julie Skipevåg Andreassen og Lydia Haugan Helland

# Advent i Vikedal kyrkje

Ei fin tid for kyrkja og for dei som hører til dette soknet. Der er noko for liten og stor.

**Barnehagen** starta med julevandring. I år fekk me hjelp av den nye kyrkjelydsarbeidaren i Vindafjord, Berit Stople. Det vart ei fin stund i kyrkja, både for store og små, med Ragnvald Stople som keisar Augustus. **"Kor e' Vindafjord"** er eit nytt blanda-kor som har funne tonen. Dei hadde konsert i Vikedal kyrkje i desember. Ein fin kveld, gode songarar og bra frammøte. **Lysmess**a er det konfirmantane som tek ansvar for, med hjelp av presten. Dei kjem inn med tente lys i prosesjon; dei les dei gamle profetiane om Messias som skal koma, som Frelsar for alle folkeslag. Kanskje den finaste kvelden for familiane som har konfirmant og for kyrkjelyden.

Kvelden for alle musikk- og songglade er då **"Me syng julia inn"**. Då spelar musikk-korpset, solistar bidreg med sitt, og mannskoret «Olagutane» tek sin del av programmet. Me som sit i benkene, får repetert dei gamle kjære julesongane. Då er det ikkje lenge til jul. Bjarne Hjel-

vik tok seg av leiinga og prestetenesta desse to kveldane.

Men dei to siste åra har me fått eit ungdommeleg innslag i førebuinga til jul. Julie Skipevåg Andreassen og Lydia Haugan Helland er nå elevar på vidaregåande i Ølen. Dei har sunge i lag i mange år alt og har vorte etterspurte songarar. Dei syng nok mykje på engelsk, slik ungdomar flest gjer, men dei er utruleg flinke til å velja songar og salmar på norsk. Dette gjer dei meir interessante for alle aldersgrupper. Dei har arrangert julekonsert i kyrkja vår dei to siste åra, til stor glede for heile bygda. Dei har eit godt støtteapparat rundt seg, men det har alle artistar. Ei stor takk til desse som tek seg tid, og gjer det mogleg for desse ungdomane å gi oss ein fantastisk fin kveld rett før jul. Dei gav ein gratis-konsert, men med eit ønske om ei julegåve til Kreftsaka. (Der kom inn i underkant av 25.000 Nkr i Vikedal og Imsland, desse to kveldane).

Anne Marie Reimers



Torsdagstreff på Kyrkjjetunet er blitt ein kjær tradisjon for mange eldre i Ølen og Ølensvåg. Den første torsdagen i kvar månad (unnateke januar, juli og august) frå kl. 11 - 13 er **du** og hjartelege velkommen til Kyrkjjetunet. Folk frå alle bygder er velkomne. På torsdagtreffna er det opp til 40 godt vaksne damer, og det hadde vore flott med fleire menn. Torsdagstref-

fet har ein uformell stil. Det er ei god matøkt, rom for både hobbyaktivitet og det å berre sjå på; og ikkje minst tid til ein god drøs. Det viktigaste er det sosiale og ha det kjekt ilag. Det vert kanskje fortalt ei lita historie, eit dikt eller ord for dagen. Torsdagstreffna i vår er: 7.februar, 7. mars, 4. april, 2.mai og 6.juni. Sjå eigen plakat eller [www.kyrkjjetunet.no](http://www.kyrkjjetunet.no).


Siste torsdagstreffet før sommaren er ein utflukt i distriktet. I år går turen truleg til Åkrafjorden. Kontaktpersonar for torsdagstreffet er Gunnvor Feed og Ingerid Aadland.

*Sølv Eide Lunde, diakoniutvalet Ølen sokneråd.*




## Fargelegg

Tegning: Asbjørn Tønnesen



## Finn fem feil

Tegning: Asbjørn Tønnesen



## Skattejakta er i gang!

Kyrkjelydane i Vindafjord inviterer i vår alle 1.klassingane (+ 2.klasse Imsland og 6.åringar Bjoa) til skattejakta i kyrkjene. Det vert 4 samlingar der me skal finne ”skattar” både i kyrkja og i Bibelen –og kanskje også i oss sjølv. Me avsluttar så skattejakta med ei Gudsteneste der 1.klassingane skal få være med og setja sitt preg. Der får dei også bok og diplom.

**Sandeid** kyrkjelyd er førstemann ut og starta opp 30. jan. Dei skal ha gudstenesta si 3. mars

Dataar for dei andre kyrkjelydane er:

### Imsland

6/3, 13/3, 20/3, 3/4 + gudsteneste 14. april

### Vikedal

6/3, 13/3, 20/3, 3/4 + gudsteneste 7. april

### Ølen

6/2, 20/2, 27/2, 6/3 + gudsteneste 10. mars

### Vats

6/2, 20/2, 6/3, 13/3 + gudsteneste 17. mars

### Skjold

6/2, 20/2, 6/3, 20/3 + gudsteneste 7.april

### Vikebygd


20/2, 27/2, 6/3, 13/3 + gudsteneste 17. mars

### Bjoa

6/3, 13/3, 20/3, 3/4 (NB- mulig endring av dataar for Bjoa) + gudsteneste 7.april

Skattejakta er del av trusopplæringa i kyrkjelydane og alle døypte og tilhøyrande får invitasjon og påmeldingsinformasjon i posten 1-2 veker før oppstart. Andre 1.klassingar er også hjartelig velkomne. Dei som av ein eller annan grunn ikkje får invitasjon men likevel har lyst til å være med kan kontakte kateketen på kyrjekontoret på Rådhuset i Ølen:

britt.karstensen@vindafjord.kommune.no  
tlf 53 65 65 42



STØRST AV ALT

# ANNONSER OG KUNNGJERINGER

Velkommen til  
Lundeneset

## Hjemmefra, men ikke alene

Lundeneset VGS er en kristen privatskole i Ølensvåg.  
Vi tilbyr Studiespesialisering, Medier og kommunikasjon,  
Service og samferdsel og Påbygging til generell studiekompetanse.

HOS OSS FÅR DU KUNNSKAP OG VENNER FOR LIVET!

[LES MER PÅ LVS.NO](#)



Vi er en  
del av NLMvgs



Vi er en  
del av NLMvgs



**Knaphus**   
Bil

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 10

**Knaphus**   
Dekk & Bilverksted

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12

**SpareBank**  
SR-BANK 



Vikebygd Landhandel AS

Tlf 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01  
E-post: joker.vikebygd@ngbutikk.net



**Primærtjenesten Bjoa AS**

Rep. av jordbruksredskap  
og mek. verksted

TLF. 53 76 97 61

Mobil: 905 42 342 - Fax 53 76 92 80

## BLOMAR TIL GRAVFERD

Me leverer alle typar sorgbinding. Ølen Begravelsesbyrå har bøkene våre, med mange bilde. Spør om å få sjå dei, eller ta kontakt med oss direkte. Du finn oss og på nettet.



Tlf. 53 76 88 35 • [www.olensenter.no](#)




**Ølen Blomster**

Tlf. 53 76 88 35 • [www.olensenter.no](#)



## GRAVSTEIN



Se vår store  
utstilling, eller ring  
og be om katalog.

[www.skattkjaer.no](#)

**Skattkjær Skiferindustri as**

**Ørpetveitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90**

Mandag-fredag kl. 07.30-15.30

Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.

## MØTEPLAN VÅGEN BEDEHUS

tirsdag, 5. februar	17:30 Gutelaget Daniel
	17:30 Jentelaget
onsdag, 13. februar	19:30 Bønnemøte
søndag 17. februar	11:00 Søndagsskule
	19:30 Søndagsmøte. Tale v/ Kørner Høie, Normisjon
tirsdag, 19. februar	17:30 Gutelaget Daniel
	17:30 Jentelaget
onsdag, 20. februar	19:30 Basar Sjømannnsmisjonen
søndag, 24. februar	19:30 Søndagsmøte Tale v/ Georg Mork
mandag, 25. februar	20:00 Skulelaget
tirsdag, 26. februar - sø 3. mars	Møteveke v/ Kristoffer Ueland, NLM
	17:30 Gutelaget Daniel
torsdag, 28. februar	18:00 Yngres
søndag, 3. mars	11:00 Søndagsskule
tirsdag, 5. mars	17:30 Jentelaget
onsdag, 6. mars	19:30 Bønnemøte
søndag, 10. mars	19:30 Søndagsmøte Tale v/ Karl Einar Tvedt
mandag, 11. mars	20:00 Skulelaget
onsdag, 13. mars	19:30 Basar v/ Indremisjonen
torsdag, 14. mars	18:00 Yngres
søndag, 17. mars	11:00 Søndagsskule
onsdag, 20. mars	16:00 Gratis søndagskaffi
	19:30 Bønnemøte

# FRÅ KYRKJEBOKA

## VIKEDAL

### Døpte:

25.12. Bård Stråpa Grimås  
06.01. Sanna Halleraker  
06.01. Oline Leonora Olsen Mørk

## SANDEID

### Døde:

24.11. Sigrid Liv Gryte f.1936  
11.12. Ingrid Vestbø f.1929

## IMSLAND

### Døde:

22.12. Geir Magnar Fjetland f.1959

## SKJOLD

### Døpte:

23.09. Astrid Maria Kristin Landa  
(Hesby kyrkje)

### Døde:

19.12. Agnes Johanne Byrkja f.1920  
06.01. Roger Swahn f.1951

## VATS

### Døpte:

06.01. Ola Skrunes

## ØLEN

### Døpte:

25.11. Sofie Klungland Aaserud

25.11. Kevin Kvinneland Solberg

25.11. Nora Vestbø Østenstad

13.01. Magnus Aarekol

13.01. Emma Kvamen Lie

### Døde:

28.11. Tone Lise Søndenå f.1992

17.12. Torstein Totland f.1915

*Ingen hendelser i Bjoa og Vikebygd.*

## MØTER OG KUNNGJERINGER

### SKJOLD

#### Februar

7.2	TORS	Kyrkja	Barnakor	16.45 - 17.30
7.2	TORS	Ersland	Årsmøte	
9.2	LAUR	Austrheim	15.30 Lørdagssprell	
12.2	TYSD	Isvik	Samemisjonen	
14.2	TORS	Ersland	Bønemøte	
18.2	MÅND	Ersland	19.00 Yngres	
19.2	TYSD	Ersland	NMS Misjonsselsk	
20.2	ONSD	Kyrkja	Tripp-Trapp 10.30-12.00	
21.2	TORS	Kyrkja	Barnakor 16.45 - 17.30	
24.2	SUND	Kyrkja	15.00 Årsmøte Kykjelyden	
24.2	SUND	Kyrkja	17.00 Gudst. G 17 / S.skule	
26.2	TYSD	Austrheim	Indre Sjømannsm.	
28.2	TORS	Kyrkja	14.00 60+ treff	
28.2	TORS	Ersland	Bønemøte	

#### Mars

4.3	MÅND	Ersland	19.00 Yngres	
5.3	TYSD	Isvik	Normisjon	
6.3	ONSD	Kyrkja	Tripp-Trapp 10.30-12.00	
8.3	FRED	Austrheim	Snøklokka Basar	
8.3	FRED	Isvik	Basar / Årsmøte	
12.3	TYSD	Ersland	NLM Misjonssamb	
14.3	TORS	Ersland	Bønemøte	
14.3	TORS	Austrheim	Årsmøte	
18.3	MÅND	Ersland	19.00 Yngres	
19.3	TYSD	Austrheim	Samemisjonen	
20.3	ONSD	Kyrkja	Tripp-Trapp 10.30-12.00	
21.3	TORS	Kyrkja	Barnakor 16.45 - 17.30	
22.3	FRED	Isvik	Husfreden Basar 19.00	

## ØVRE VATS BEDEHUS

14.2	Årsmøte for bedehuset	kl 19.30
12. - 17.3	Møteveke for NLM	kl 19.30

## BLIKRABYGDA BEDEHUS

8.3.	kl.19.00	Bedehusbasar
19.3.	kl. 19.30	Normisjon
18.2.	kl. 19.30	Årsmøte

## KÅRHUS BEDEHUS

12.2.	kl. 19.30	Normisjon
18.2.	kl. 19.30	Årsmøte bedehuset
05.3.	kl. 19.30	Indre sjø.
08.3.	kl. 19.00	Bedehusbasar

### INNBJOA BEDEHUS

13.2	kl 18 – 19:30 Mini-credo 2.-3.kl
27.2	kl 18 – 19:30 Mini-credo 2.-3.kl
13.3	kl 18 – 19:30 Mini-credo 2.-3.kl
20.2	kl 17:30 – 19:15 Credo 4.-7.kl
6.3	kl 17:30 – 19:15 Credo 4.-7.kl
20.3	kl 17:30 – 19:15 Credo 4.-7.kl
7.2	kl 17 – 18:00 Barnekoret 4 år ++
21.2	kl 17 – 18:00 Barnekoret 4 år ++
7.3	kl 17 – 18:00 Barnekoret 4 år ++
21.3	kl 17 – 18:00 Barnekoret 4 år ++
7.2	kl 18 – 20:00 Themelia Ungd.skule elevar
21.2	kl 18 – 20:00 Themelia Ungd.skule elevar
7.3	kl 18 – 20:00 Themelia Ungd.skule elevar
21.3	kl 18 – 20:00 Themelia Ungd.skule elevar
20.3	kl 18 – 19:30 Onsdagsmøte
24.2	Søndagsmøte felles m.misjonsmenigh.
10.3	Søndagsmøte felles m.misjonsmenigh.

### VIKEDAL BEDEHUS

#### Klubbkveldar i Bedhuskjellaren

7.2.	Klubbkveld 5-7 klasse
8.2.	Klubbkveld 9-10 klasse
21.2.	Klubbkveld 5-7 klasse
22.2.	Klubbkveld 9-10 klasse
7.3.	Klubbkveld 5-7 klasse
8.3.	Klubbkveld 9-10 klasse
21.3.	Klubbkveld 5-7 klasse
22.3.	Klubbkveld 9-10 klasse

### VATS Fellesmøte. Møtetid er 19.30

12.feb.	KÅRHUS bedehus	NORMISJON.
19.feb.	Ø. VATS bedehus	ISRAELMISJON.
26.feb.	BLIKRA.bedehus	SAMEMISJON.
5. mars	KÅRHUS bedehus	INDRE SJØ.MISJ.
12.mars	Ø. VATS bedehus	NLM.
19.mars	BLIKRA.bedehus	NORMISJON

### VIKEBYGD BEDEHUS

Lø 9. febr.	15:30	Laurdagssklubb for born
To 21. febr.	19.30	Indremisj. T. Steinsland
Lø 23. febr.	15:30	Laurdagssklubb for born
To 28. «	19.30	Møte v. Gideon bibelmisj.
Lø 9. mars.	15:30	Laurdagssklubb for born
Fr 16. mars		Bedehusbasar og årsmøte. Grautsal fra kl 12.00. Basar fra kl 15.00
Lø 23. mars.	15:30	Laurdagssklubb for born

# VELKOMEN TIL GUDSTENESTE

Gudstenestesundag	Vikedal prestegjeld	Skjold prestegjeld	Ølen prestegjeld
<b>10. februar</b> Fastelavnsøndag Luk 18, 31-34	<b>Sandeid kyrkje kl. 16.00</b> Familiemesse m. nattv. Utd av konf.bibel til 11.-åringane Takkoffer: Kyrkjelydspd. stillinga Konfirmantane møter Årsmøte. Kyrkjekaffi	<b>Skjold kyrkje kl. 11.00</b> Gudsteneste Dåp. Nattverd Takkoffer Kyrkjekaffi	Ølen kyrkje kl 11.00 Høgmesse Dåp.Nattverd. Takkoffer : Ungdom i oppdrag.
<b>17. februar</b> 1. søndag i fastetida Matt 26, 36-45	<b>Vikedal kyrkje kl. 16.00</b> Høgmesse m. nattv. Dåp Takkoffer: Bibelselskapet	<b>Vats kyrkje kl. 11.00</b> Nattverd Takkoffer: Kyrkjelydsarbeid	<b>Vikebygd kyrkje kl. 11.00.</b> Høgmesse.Nattverd. Takkoffer: Brandøy
<b>24. februar</b> 2. søndag i fastetida Luk 13, 22-30.	<b>Imsland kyrkje kl. 11.00</b> Høgmesse m. nattverd Takkoffer: Kyrkjelydspd. stillinga Årsmøte. Kyrkjekaffi	<b>Skjold kyrkje kl. 17.00</b> G-17 gudsteneste Nattverd. Takkoffer:	Ølen. <b>Vi støttar opp om "Show it"/familiesamling</b> <b>Kyrkjetunet kl. 16.00</b>
<b>3. mars</b> 3. søndag i fastetida Luk 22, 28-34	<b>Sandeid kyrkje kl. 11.00</b> Familiegudsteneste Dåpskulen tek del Takkoffer: Trusopplæringsarb. Konf. møter	<b>Vats kyrkje kl. 11.00</b> Gudsteneste Nattverd Takkoffer: Normisjon	<b>Bjoa kyrkje.kl. 11.00.</b> Høgmesse. Nattverd. Takkoffer: Lundeneset vgs.
<b>Fredag 8. mars</b>			<b>Lundeneset vgs kl. 20.30.</b> Ungdomsgudsteneste Nattverd.
<b>10. mars</b> 4.s. i fastetida Joh 6, 24-36	<b>Eintveit, Åkrafjorden kl. 11.00</b> Familiegudsteneste Takkoffer: Konfirmantarb.	<b>Skjold kl. 11.00</b> Gudsteneste Nattverd Takkoffer:	Ølen kyrkje kl. 16.00. Familiegudsteneste Dåpsskulen for 6 åringar. Takkoffer: Kyrkjelydspedagog
<b>17. mars</b> 4. søndag i fastetida Luk 1, 39-45	<b>Vikedal kyrkje kl. 16.00</b> Høgmesse m. nattverd Takkoffer: Diakoniarbeidet	<b>Vats kyrkje kl. 17.00</b> Familiegudsteneste Nattverd Takkoffer: Fasteaksjonen KN 6-åringar	<b>Vikebygd kyrkje kl. 11.00</b> Familiegudsteneste. Dåp Dåpsskule 6 åringar Takkoffer:ACTA Ølen kyrkje kl. 11.00 Høgmesse. Nattverd Takkoffer: KRIK
<b>24. mars</b> Palmesøndag Joh 12, 1-13.	<b>Imsland kyrkje kl. 16.00</b> Høgmesse m. nattverd Takkoffer: Norsk gideon	<b>Skjold kyrkje kl. 11.00</b> Nattverd Takkoffer:	Ølen kl 12.00 Friluftsgudsteneste Parkeringsplassen Olalia. Takkoffer: NLM.

**Korleis har du det...**  
**EIGENTLEG?**

Eit menneske å snakke med når livet er som verst



Kirkens SOS  
815 33 300

SOS-melding: [www.kirkens-sos.no](http://www.kirkens-sos.no)

**Andaktstelefonen**

**380 91 700**

Åpent hele døgnet

Ny andakt tirsdag og fredag

Tjenesten er gratis

Neste nr. av Hyrdingen kjem ut 21. mars.  
Stoff kan sendast til:  
Hyrdingen, postboks 6, 5574 Skjold.  
E-post: [redaksjonen@hyrdingen.no](mailto:redaksjonen@hyrdingen.no)  
Frist for innlevering av stoff: 2. mars 2013

*"Lat oss ikkje halda oss borte når kyrkjelyden vår samlast" (Hebr. 10,25)*